

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
034/15	Levekårsutvalet	PS	28.04.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Kristin Moe	15/168

Vedtekter for kommunale barnehagar - vedtak etter høyringsperiode

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Det vert ikkje gjort endring i vedtektene for dei kommunale barnehagane, i høve til §10 OPNINGSTIDER/BARNEHAGERUTE. Lindås kommune held fram med dagens praksis i høve til barnehageår, med start og slutt i medio august.

Levekårsutvalet - 034/15

LE - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Det vert ikkje gjort endring i vedtektene for dei kommunale barnehagane, i høve til §10 OPNINGSTIDER/BARNEHAGERUTE. Lindås kommune held fram med dagens praksis i høve til barnehageår, med start og slutt i medio august.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet.

Bakgrunn

Endring av §10 OPNINGSTIDER/BARNEHAGERUTE i vedtekter for dei kommunale barnehagane, med omsyn til å endre start av barnehageåret til 1.august har vore ute til høyring i perioden 11.02.2015-25.03.2015. Levekårsutvalet hadde saka oppe i møte den 03.02.2015 – sak 011/15. Bakgrunn for høyringa har vore at ulike starttidspunkt for barnehage- og skuleår, får konsekvensar for føresette som skal ha barnet sitt på 11 månaders tilbod i Skulefritidsordninga (SFO). I fall eit barn skal ha 11 månaders tilbod i SFO, vert ein fakturert frå 1.august. På same tid må føresette betale for barnehageplass fram til 15.august. Ved å byrje barnehageåret 15.august, unngår ein denne problematikken.

Rådmannen har motteke 12 innspel i samband med denne høyringa. Innspela er sendt frå styrarar i Knarvik barnehage, Natås barnehage, einingsleiar og styrarar i Juvikstølen barnehage, Haugen barnehage, Kolås barnehage, Samarbeidsutvalet i Juvikstølen barnehage, Kolås barnehage, Haugen barnehage, Ostereidet FUS barnehage, Utdanningsforbundet i Lindås, Utdanningsforbundet Knarvik barnehage samt trepartsgruppa ved Haugen barnehage og Fagforbundet Lindås.

Rådmannen har kategorisert høyringsinnspela i tre hovudområde; tilvenningstid for nye barn i barnehagen, avvikling av ferie samt overgang til SFO. Dei to første områda er vektlagt i alle høyringsinnspela, medan det siste området er peika på av eit par barnehagar. I høve til handsaming av høyringsprosessen, er det kome innspel om at barnehagane burde fått kome med uttale *før* saka vart greidd ut.

Tilvenningstid for nye barn i barnehagen

Alle som har sendt inn uttale til denne høyringa, er urolege for at ein konsekvens av å gjennomføre endring i start av barnehageåret, vil kunne bli at ferieavvikling for personalet og tilvenningstida for nye barn i barnehagen kjem i same periode. Ved start av barnehageår frå 1.august, vil det vere ein del tilsette som har ferie i denne perioden. I større barnehagar vil avdelingar vere slått saman i sommarmånadene, og slik vil nye born i barnehagen måtte både vere på ein annan avdeling enn den ein skal høyre til frå nytt barnehageår samt møte andre vaksne enn dei som skal følgje ein på avdelinga ut over barnehageåret. Særleg utfordrande er dette skildra å vere for småbarnsavdelingane, men også ved overgang frå småbarnsavdeling til større avdeling er dette vurdert som ei utfordring.

I høve til oppfølging av nye barn i barnehagen samt samarbeidet med føresette til dei nye barna, er det skildra korleis det kan vere utfordrande å få til god nok stabilitet og tryggleik den første tida, dersom ferieavvikling og tilvenningstid overlappar kvarandre. Det blir særleg vektlagt at yngre barn treng stabile vaksenpersonar rundt seg for å lukkast med ei trygg tilvenning til barnehagen.

Avvikling av ferie

I tillegg til utfordringa med å avvikle ferie samstundes som ein tek i mot nye born i barnehagen, kjem dei fleste med innspel om at det å avvikle ferie i byrjinga av eit barnehageår både får økonomiske og kvalitetsmessige konsekvensar. Dei kvalitetsmessige konsekvensane rettar seg i stor grad til tilvenningstida for nye barn i barnehagen, og er skildra i dei førre avsnitta.

Når det gjeld økonomiske konsekvensar av rådmannen sitt framlegg om å endre start av barnehageåret, er det i høyringsinnspela frå barnehagar med fleire avdelingar vektlagt at dette vil føre til at ein anten må redusere ferieperioden for dei tilsette eller må halde feriestengt barnehage i juli. Skal ein ha alle avdelingane i barnehagen i drift frå 1.august, må dei tilsette i stor grad vere tilbake frå ferie. Det er avgrensa kor mange vikarar ein kan setje inn på kvar avdeling, då det er vanskeleg å få tak i vikarar med pedagogisk kompetanse. I fall ein skal halde ope alle avdelingane i barnehagen frå 1.august, blir det frå dei kommunale barnehagane peika på at barnehagen i så fall må få tilført auke ramme til vikarbruk.

Dei fleste innspela rettar seg inn mot at ein bør unngå ferieavvikling og tilvenning i same periode, og at i fall ein skal følgje dette prinsippet, vil ei endring i høve til start av barnehageåret til 1.august, kunne resultere i at dei tilsette sin ferie må avviklast tidlegare enn ved dagens ordning. Det blir presisert at dette vil opplevast som ei lite ønska innskrenking i høve til plassering av ferie for den einskilde arbeidstakar, der ein kanskje må ta ut ferie frå midten an juni, for å få kabalen til å gå opp i barnehagen.

Feriestengt barnehage i juli blir sagt å ikkje vere i samsvar med brukarane sine behov.

Overgang til SFO

I høyringsskrivet frå rådmannen er det skissert at føresette til barn som tek til på SFO frå 1.august, blir fakturert for utgifter både til barnehage og SFO, og at rådmannen har fått årlege innspel frå føresette om å endre dette. Av innspela som er sendt inn i samband med høyringa, er det eit par barnehagar som rår til at ein opprettheld dagens praksis, men gjer ei tilpassing i høve til foreldrebetalinga. Ein barnehage viser til at dei har løyst dette ved at føresette blir fakturert for ½ juli (første halvdel) og ½ august (andre halvdel), og at barn som sluttar i barnehagen og tek til på skulen ikkje blir fakturert for august.

Gjennom høyringsinnspela kjem det også fram synspunkt om at kanskje SFO ved skulane ikkje skulle ta i mot nye elevar før 15.8, slik unngår ein denne problematikken.

Nokre innspel rettar søkjelyset mot at ikkje alle barn skal ta til på skule som har SFO, og at endring av barnehageåret for desse barna kan resultere i at dei står utan tilbod fram mot skulestart i august, eller må gå på SFO ved ein annan skule før dei kan ta til i 1.klasse ved eigen skule. Dette vil kunne opplevast som utrygt for born og føresette, då barnet må gjere seg kjent i to nye miljø innafor ein relativt kort tidsperiode. Det kjem også fram synspunkt om at føresette ved slike høve uttrykkjer at dei heller ønskjer at barnet skal vere i barnehagen dei første vekene i august, enn inntil 8 timar dagen ved ein ukjent SFO.

Vurdering:

Rådmannen fremja sak om endring av vedtektene med omsyn til start av barnehageåret etter innspel frå føresette og etter dialog internt i administrasjonen. Bakgrunnen for å leggje saka ut på høyring var å få fram foreldrestemma. Barnehagane sine synspunkt var skildra tydeleg i forkant av prosessen, så desse vurderingane var i stor grad kjent for rådmannen.

Foreldrestemma er kome fram gjennom uttale frå samarbeidsutvala ved fire barnehagar i kommunen, og deira synspunkt harmonerer godt med innspela som er sendt frå barnehagane og organisasjonane. Det er ikkje kome inn innspel frå einskildpersonar.

I høve til ferieavvikling og tilvenningstid til same tid, er dette noko barnehagane og føresette har skildra med stor uro gjennom høyringsinnspela som er sendt inn. Ved å slå saman avdelingar, slik at både born og tilsette under ferieperioden i barnehagen får tilhøyr til ei kombinert «ferieavdeling», kan ein forstå at dette vil kunne opplevast uheldig for barna. På same tid er det færre barn i barnehagen i ferieperioden, slik at borna med dette kanskje får ein rolegare start i barnehagen. Kva som er den beste løysinga for barna, må vegast opp mot barna og barnehagen sine behov i ferieperioden.

Synspunktet om at barn som skal ta til på skule som ikkje har SFO, ev. må gå på SFO ved ein annan skule, og at dette er uheldig før skulestart, vil kunne slå ulikt ut i høve til om det er fleire born frå barnehagen som skal til SFO på ny skule samt om det er vaksne og andre barn i miljøet som barna kjenner. For einskilde barn kan det tenkjeleg vere ei utfordring å vere på SFO ved ein annan skule enn heimeskulen.

Det har kome innspel om ikkje kommunen har høve til å gjere endringar i faktureringsrutinane sine, slik at ein unngår at føresette må betale både for barnehage og SFO i august, samt at føresette kan velje tilbod. Saka er undersøkt med rekneskapsavdelinga, som melder at dette skal vere i orden no.

På bakgrunn av høyringsinnspela frå barnehagane som er sendt inn, finn rådmannen ikkje grunnlag til å endre vedtektene for dei kommunale barnehagane på noverande tidspunkt.